



Notat

Utarbeidd av:

Tone Holvik
Tlf: 57 84 50 13

Vår ref.:

13/4451

Vår dato:

18.04.2013

Høyringsuttale frå Vågsøy kommune ang. skulebruksplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2013 - 2024»

Vi viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune der fylkeskommunen ønskjer innspel frå heile fylket i saka som gjeld framtidig organisering av vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.

I brevet skriv de at fylkeskommunen særleg er interessert i å få innspel på:

- Eventuelle nye variantar av modellane. Nye variantar må møte måla for prosessen slik desse er omtalte i planen.
- Korleis lokalsamfunn og arbeids- og næringsliv meiner den vidaregåande opplæring bør vere organisert – gitt elevtalsprognosane og inntektsutsiktene som ligg føre.
- Kva utdanningsprogram og programområde vil arbeids- og næringslivet særleg etterspørje – i prioritert rekkefølge?
- Korleis bør vi oppnå balanse mellom elevtal og tal elevplassar i ulike delar av fylket?

Høyringsinnspel som tek i vare fylkesperspektivet, vert særleg vektlagde.

Vågsøy kommune vil gje fylkeskommunen ros for eit godt grunnlag for vurdering av den vidaregåande opplæringa som skal gjevast i Sogn og Fjordane i framtida.

Kommunen vil kome med innspel på det som er viktig når det gjeld framtidig utdanning i Vågsøy og på kysten av Sogn og Fjordane. For kommunen som tenesteytar vil vi særleg framheva behovet for helsefagarbeidarar og barne- og ungdomsarbeidarar. Samstundes vil vi og gje tilbakemelding på at det er uråd for oss å kome med nye modellar, eller variantar av modellar, som er realistiske i høve til å nå måla for prosessen i fylkeskommunen. Til dette har vi for liten kunnskap om detaljar i den vidaregåande utdanninga.

Til kap. 2.1:

Måløy vidaregåande skule (MVS) gjev tilbod til 79 % av elevane frå Vågsøy og 35 % av elevane frå nabokommunen Selje.

Samstundes er 40 % av elevane ved skulen frå andre kommunar.

MVS har 6 utdanningsprogram fordelt på 21.5 grupper og 346 elevar skuleåret 2012/13 på 352 studieplassar.

Måløy vidaregåande skule har det einaste tilbodet om tekniske og allmenne fag (TAF) i Sogn og Fjordane. Dette er eit tilbod som fungerer særst godt både for elvar på tekniske fag og helse- og oppvekstfag.

Meld. St. 20 (2012–2013) «**På rett vei** - Kvalitet og mangfold», skisserer dei viktigaste utfordringane grunnopplæringa står overfor:

«Den viktigste er at én av tre elever ikke har fullført eller bestått fem år etter påbegynt videregående opplæring.

En annen utfordring i videregående opplæring er at selv om halvparten av elevene begynner på yrkesfaglige utdanningsprogrammer, fullfører bare 15 prosent av det totale elevkullet med fag- eller svennebrev eller yrkeskompetanse. Samtidig er behovet for personer med denne kompetansen økende.

En tredje utfordring er å sørge for at innholdet i videregående opplæring er relevant for samfunnets og arbeidslivets framtidige behov for kompetanse.

Departementet mener at prinsippene fortsatt er relevante, men at det som følge av utfordringene er nødvendig å prioritere tre grunnprinsipper for arbeidet med å utvikle og forbedre videregående opplæring i årene framover. Tiltakene på disse prinsippene, og de vil være viktige i utdanningsmyndighetenes videre utforming av videregående opplæring:

1. Et godt grunnlag for livslang læring
 - Videregående opplæring skal danne et godt grunnlag for yrkesutøvelse, læring og utvikling i arbeidslivet og i høyere utdanning ved både å bygge på grunnskolen og å orientere seg mot arbeidslivet og høyere utdanning.
 - Det skal være god progresjon mellom opplæringsløpene, og målrettede tiltak for elever som står i fare for å ikke fullføre videregående opplæring.
 - Voksnes rett til videregående opplæring er viktig for å gi alle mulighet til å tilegne seg ny kunnskap, og for velferd og verdiskaping.
2. Fleksibilitet i utdanningsprogrammene
 - Videregående opplæring skal i sin struktur og innretning bygge på to hovedveier: en studieforbereende og en yrkesfaglig.
 - Det skal være mulig å bytte fra yrkesfaglige til studieforbereende programmer, og fra studieforbereende til yrkesfaglige programmer underveis i opplæringsløpet. Alternative veier gjennom videregående opplæring må anerkjennes.
 - Fleksibilitet i videregående opplæring skal gi mulighet for fordypning og tilpasning etter elevers ulike valg og ulikheten mellom fagområder.
 - De som har bestemt seg for et yrke når de begynner på videregående opplæring, skal få mulighet til å få opplæring og erfaring fra yrket fra Vg1. De som ikke er sikre på sine utdanningsvalg skal få et godt grunnlag for å gjøre riktig valg
 - Elever som i utgangspunktet tar sikte på å oppnå grunnkompetanse, skal få mulighet til å fullføre fag- og yrkesopplæringen på et senere tidspunkt.
3. Relevant kompetanse
 - Dimensjoneringen av videregående opplæring er en balanse mellom elevenes ønsker og behovene i samfunnet, arbeidslivet og høyere utdanning. Det krever et godt kunnskapsgrunnlag om elevenes preferanser og behovene i et framtidig samfunns- og arbeidsliv.
 - Fag- og yrkesopplæringen skal bygge på utstrakt samarbeid med partene i arbeidslivet, og føre fram til en kompetanse som er anerkjent i arbeidslivet. Fullført og bestått fag- og yrkesopplæring skal gi utdanningsmuligheter ved fagskoler og y-veier til høyere utdanning.

De studieforbereende tilbudene skal gi et godt grunnlag for videre studier i høyere utdanning. Det skal være en god sammenheng mellom de studieforbereende tilbudene og høyere utdanning.

Oppsummert betyr prinsippene at departementet vil forbedre progresjonen og overgangene fra grunnskolen til videregående opplæring, og videre til arbeidsliv og høyere utdanning. Prinsippene betyr at det må åpnes for mer fleksibilitet i opplæringsløpene slik at strukturen bedre kan imøtekomme elevers og fagområders ulike behov. Endelig betyr prinsippene at fullført videregående opplæring skal gi en anerkjent og relevant kompetanse, som skal gi gode muligheter for en yrkeskarriere eller en videre utdanningskarriere.»

Vågsøy kommune meiner at tilbodet om tekniske og allmenne fag (TAF) er eit framtidretta tilbod som stettar nokre av dei utfordringane vi ser i grunnopplæringa i dag. Vi ber difor om at TAF-tilbodet vert vurdert i dette lyset.

«Skulen har fylkesdekkjande tilbod på vg2-nivå i naturbruk, akvakultur kombinert med fiske og fangst. Søkjartala har over tid ikkje vore høgare enn at kapasiteten er tilstrekkeleg. I alle modellane er kombinasjonen vidareført.»

Det er viktig for Vågsøysamfunnet at dette tilbodet vert vidareført som fylkesdekkande tilbod.

«Det fylkesdekkjande tilbodet vg2 maritime fag i utdanningsprogrammet teknikk og industriell produksjon er vidareført med 3 grupper som i 2012/13. Programområdet er svært populært, og har stor oversøking, samstundes som det er stort behov for lærlingar.»

Også dette er viktig for Vågsøy blir vidareført som fylkesdekkande tilbod.

Vi vil presisere at for næringslivet i Vågsøy er det viktig at Måløy vidaregåande skule i framtida framleis skal gje eit fylkesdekkande tilbod innan maritime og marine satsingar.

For Vågsøy kommune er det og viktig at utdanningar som har med kystnære næringar å gjere vert lagt til dei vidaregåande skulane på kysten – Måløy vidaregåande skule og Flora vidaregåande skule. Slik sett bør Måløy vidaregåande skule ha dei fylkesdekkande tilboda innan maritime og marine fag, medan Flora vidaregåande skule har dei fylkesdekkande tilboda innan offshore.

«Skuleåret 2012/13 er det sett i gang 3 grupper køyretøy totalt, ei i kvar region. Same kapasitet og lokalisering er lyst ut for 2013-2014. Programområdet er populært blant søkjarane, men mangel på læreplassar har vore ein kritisk faktor.»

For næringslivet i Vågsøy er det viktig å få fram behovet for ei maritim motormekanikarutdanning. Dette er og eit fagområde som bør utviklast meir for framtida i høve til behov for arbeidskraft innan skipsindustrien. Lokalt næringsliv har stilt opp med og sett behovet for læreplassar til lærekandidatane. I dag har MVS partnarskapsavtalar med 14 bedrifter. Det er og oppretta eit «motor- og bilmekanikarnettverk» som skal vere bindeledd mellom skule, næringsliv og lokalsamfunn. Nettverket har faste møter. Mange av dei bedriftene som er i nettverket er ikkje medlemmer i eit opplæringskontor. Næringslivet er heilt avhengige av å få utdanna fagpersonell lokalt, slik at dei vert verande i bedriftene og i den lokale industrien.

Til kap. 3.1:

Erfaringar med pendling mellom Måløy og Eid har vist at det går 1. året, men ikkje dei 2 neste. Det er og tradisjonelt få av elevane frå Vågsøy som har tilbod på Eid. Desse har valt å dagpendle mellom anna for å kunne oppretthalde kontakten med vener. Dersom heile, eller store deler av ungdomsgruppa får skuletilbodet sitt i ei anna kommune, vil langt fleire velje å bu på hybel fordi vennane er der. Dette vil igjen føre til reduserte tilbod frå frivillige lag og organisasjonar når det gjeld kultur og idrett. Aktivitetsmønsteret vil endre seg negativt for born og unge.

Til kap. 4.5:

«Modellane 2, 3, 5 og 7 når målet om varig økonomisk innsparing både med og utan føresetnaden om sal av ledige eigedomar.»

Vågsøy kommune vil på det sterkaste rå frå at modell 3 vert vald. Saksutgreiinga kap. 5.4.4 viser kvifor dette ikkje bør veljast.

Kommunen vil vise til det sterke fagmiljøet Måløy vidaregåande skule har bygd opp i lag med fagskulen og sikkerheitssenteret. Desse miljøa er og avhengige av kvarandre sin kompetanse for å styrke det totale tilbodet frå kvar einskild del. I denne samanheng er det og viktig å vise til at studiespesialisering er eit sær s viktig tilbod. Vågsøy kommune stør det som står i skulebruksplanen:

«I modell 3 er Måløy vidaregåande skule føreslått nedlagt. Samstundes skal noko undervisning finne stad i Måløy, men då som ei avdeling under Eid vidaregåande skule. Tilboda i naturbruk (akvakultur og fiske og fangst) og TIP (maritime fag) krev kompetanse, utstyr og lokale som ein berre har tilgjengeleg i Måløy. Samarbeidet med bransjen og sambruket mellom Fagskulen i Sogn og Fjordane, avdeling Måløy, Sikkerheitssenteret og den vidaregåande skulen utgjer eit kompetansemiljø som det ikkje er mogeleg å flytte. I tillegg får ein kvalitet og ein sær eigen profil på opplæringa i restaurant- og matfag når denne er lokalisert saman med tilboda i naturbruk.

I modell 3 vil avdelinga i Måløy ha 85 elevplassar frå skuleåret 2016/17. Avdelinga vil ha så lågt elevtal og så få grupper at drift av skulen som eiga eining vil vere sær kostbart. I tillegg vil fagmiljøa og støttefunksjonane bli små og sårbare.

Erfaringar frå andre fylke tilseier at avstanden mellom avdelinga og «moderskulen» vil gje store utfordringar med omsyn til å drive skulen med høg kvalitet og effektivitet. Eit stort kontrollspenn for rektor vil gjere leiing av avdelinga i Måløy særleg utfordrande. I tillegg vil fagmiljøa og støttefunksjonane bli små og sårbare. Samstundes vil ein på grunn av avstand og reisetid truleg ikkje oppnå synergiane ved samanslåing med omsyn til utnytting av kompetanse, tilgang på og bruk av vikarar og areal.

For rekruttering til skulen og rolla som regional utviklingsaktør vil det vere avgjerande at ein klarer å halde på eigenarten til avdelingane. Dei sterke sidene til organisasjonane må ikkje øydeleggast gjennom samanslåingsprosessen. Framfor å jobbe fram ein felles kultur bør ein tenkje møteplassar på tvers, der sær eigenskapar, styrkar og veikskapar kan nyttast og omarbeidast.

Ut frå erfaringane i andre fylke må ein vente ein krevjande prosess kring samanslåinga. Prosessen må planleggjast godt, og ein må ta omsyn til at prosessen vert tid- og ressurskrevjande. Det er avgjerande at dei tilsette gjennom tillitsvalde har reell medverknad i heile prosessen. Det kan ikkje ventast full vinst og effektiviseringseffekt før etter 3-5 år.

- *Fysisk samlokalisering er ein føresetnad for å oppnå både økonomiske og kvalitetsmessige vinstar ved ei samanslåing av vidaregåande skular. Til større den fysiske avstanden er mellom dei ulike avdelingane, til meir krevjande blir samordninga og til mindre blir vinstane.*
- *Ei samanslåing er krevjande. Prosessen må planleggjast godt, og ein må ta omsyn til at prosessen vert tidkrevjande og ressurskrevjande. Det er avgjerande at dei tilsette gjennom tillitsvalde har reell medverknad i heile prosessen. Det kan ikkje ventast full vinst og effektiviseringseffekt før etter 3-5 år.»*

For Vågsøy kommune og næringslivet er det viktig at fylkeskommunen i sitt tilbod ser samanhengen mellom det fylkesdekkande tilbodet innan maritime og marine fag, fagskulen sitt tilbod i den maritime avdelinga (2-årig skipsoffisersutdanning, nautisk og skipsteknisk line) og sikkerheitssenteret som driv med sikkerheitsopplæring til sjøs samt andre maritime kurs for sjøfolk og skipsoffiserar. Dette vil støtte opp om det behovet kommunen og kysten vil ha i framtida.

Vågsøy kommune er den største einskildarbeidsgjevaren i kommunen. Det gjeld spesielt innan helse- og omsorgssektoren og oppvekstsektoren. Vi ser det difor som sær viktig at Måløy vidaregåande skule har tilbod om utdanningar innan desse 2 sektorane – helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar.

Til kap. 5.8:

Vågsøy kommune vil gjerne forsterke det som står i saksutgreiinga når det gjeld TAF-tilbodet i Sogn og Fjordane:

«Det noverande TAF-tilbodet i Sogn og Fjordane vart starta opp som fylkesdekkjande tilbod ved Måløy vidaregåande skule i 2009. Tilbodet består av éi gruppe som er dekkjer utdanningsprogramma teknikk og industriell produksjon (TIP) og helse- og oppvekstfag (HO). På HO får alle opplæring i helsearbeidarfaget, medan det på TIP har vore opplæring både i industriteknologi (dei fleste elevane), kjemi/prosess og laboratoriefaget. I tillegg er det ein elev med opplæring i programområdet akvakultur. Målet er at elevane skal oppnå både fagbrev og spesiell studiekompetanse med tanke på høgare utdanning som krev spesiell studiekompetanse.

TAF-tilbodet har elevar frå 10 kommunar, 3 i Sogn, 3 i Sunnfjord og 4 i Nordfjord. Av 46 elevar skuleåret 2012/13 kan 44 bu på heimstaden sin i den delen av opplæringa som føregår i bedrift.

Erfaringar

Måløy vidaregåande skule har så langt erfart at TAF-elevane har høg motivasjon for opplæringa, er sjølvstendig og har lite fråvær. Eleven viser stor interesse for arbeidet, både på skulen og i bedrifta. Resultata frå tverrfagleg eksamen for dei to første kulla er gode. TAF har få elevar som sluttar.

Alle elevane er knytte til ei fast bedrift. Dei aller fleste bedriftene har teke godt i mot TAF-elevane / lærlingane. TAF-elevane får tidleg arbeidslivserfaring.

Fylkesrådmannen har innhenta erfaringar frå ei rekkje bedrifter og opplæringskontor om kvaliteten på TAF. I all hovudsak er tilbakemeldingane særst positive. Det vert framheva både kor viktig tilbodet er for statusen til yrkesfaga og for framtidig rekruttering, og kor høg kvalitet det er på elevane/lærlingane som er utplasserte i bedrift.

Det har vore hevda at TAF-elevane tar læreplassar frå ordinære lærlingar. Arbeids- og næringslivet bør vere bevisste på dette tilhøvet. På den andre sida har TAF-ordninga vore med på å rekruttere fleire lærebedrifter, ikkje minst i offentleg sektor (helsefag).»

Det er viktig å sjå TAF-tilbodet i eit samfunnsøkonomisk perspektiv fordi studiet har stor gjennomføringsgrad. Fornøgde elevar som gjennomfører utdanninga er god samfunnsøkonomi på sikt.

Nokre moment til slutt:

For Vågsøy kommune er det viktig at fylkeskommunen satsar på ein desentral skulestruktur, men med færre skular.

Det er viktig at fylkeskommunen ikkje byggjer nye skulebygg, men utnyttar dei bygg fylkeskommunen allereie har.

Næringslivet i Vågsøy inkludert Vågsøy kommune sjølv, er i framtida av ein vidaregåande skule i kommunen som:

Har eit studiespesialiserande tilbod slik at ungdomen kan ta høgare utdanning (ST).

Har fylkesdekkjande tilbod innan maritime og marine fag (NA).

Har tilbod innan motormekanikar for skipsindustrien (TIP).

Har tilbod innan helse- og oppvekstfag (HO).

Har tilbod innan restaurant og matfag som og stettar behova for stuertar til sjøs og institusjonskokkar i pleie- og omsorgstenesta (RM)

Næringsliv og kommune har stilt opp med læreplassar til lære kandidat og vil og i framtida stille positivt opp og vere ein medspelar for MVS.

Det tilbudet vi ser kan diskuteras er tilbudet innan bygg og anleggsgag (BA). MVS må kanskje gje slepp på dette til fordel for ein annan skule i Nordfjord.

Vi håper innspela våre vil vere til hjelp i det vidare arbeidet med ein god og framtidsretta skulestruktur for den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane.

Morten Hagen
Ordførar